

KYRKJELYDSTUR TIL BALESTRAND

2. PINSEDAG, 21.MAI.

GUDSTENESTE KVAMSØY KYRKJE KL.12.00



I pinsehelga i fjor var det kjekt besøk frå Balestrand kyrkjelyd til Hyllestad. Då vart vi invitert på tur innover dit. Det skjer **2.pinsedag, 21.mai**. Vi tek sikte på køyring med privatbilar, fint om dei som kan køyre melder seg. Føreslær at passasjerar gjer opp kvar for seg med dei som køyrer.

Sidan prost Kjetil Netland enno har permisjon, er Audun Systad spurd om å ha gudsteneste i Kvamsøy kyrkje kl.12.00. Kjekt at organist denne dagen vert Ole Agnar Helland, tidlegare sokneprest i Hyllestad, og no organist-vikar i Balestrand. Balestrand songlag er invitert både til gudstenesta, vandringa og middagen. Vonaleg vert dei mange nok til å stille.

Det vert skyssbåt over det vesle sundet bort til kyrkja. Kvamsøy kyrkje er ei lita perle av eit gudshus frå 1200-talet. Det er og gjort ein del med den dei siste åra, og det er fint og samlast til kyrkjekaffi utanfor om veret tillet det. Her vert det orientering om kyrkja av Gerd Jordanger.



Vi køyrer deretter til Balestrand. Innom reiselivsmuseet, omvising av Bjørg Bjøberg; hennar galleri, engelske kyrkja, vandring til Belehaugen med orientering om diverse frå Balestrand.

Middag m/dessert og kaffi på Kvikne Hotell.

Pris:250-300kr, alt etter kor mange vi vert, inkl. mat og omvising.

PÅMELDING innan tysdag 15.mai.

til Audun Systad 97 15 52 37

eller

til Aslak Åm Sognnes 97 58 32 90